



Hardanger



Hardanger  
Ungdomsråd

*... med auge for framtida!*

## Innkalling: HARDANGER OG VOSS UNGDOMSRÅDSMØTE

Dato: Torsdag 05.11.2020

Stad: Bygdahuset i Granvin

Tid: 1330-1730

### SAKLISTE:

- |              |   |
|--------------|---|
| HU-sak 22/20 | Saker melde inn ved møtestart   |
| HU-sak 23/20 | Diverse saker i HU: <ul style="list-style-type: none"><li>• Tilbakemelding frå det digitale føredraget til Helsesista</li><li>• Status spørjeundersøkelse</li></ul> |
| HU-sak 24/20 | Møteplan Hardanger Ungdomsråd 2021  |
| HU-sak 25/20 | Bortebuarstipend  |
| HU-sak 26/20 | Kva røyst har ungdomen fått etter ny kommunelov?  |
| HU-sak 27/20 | Hardanger og Voss Ungdomsråd etter 2020   |
| HU-sak 28/20 | Situasjonen på skulebussane for dei som pendlar er at det er umogleg å halda avstand.   |
| HU-sak 29/20 | Idemuldring - kva skal HU gjera i 2020/2021   |
| HU-sak 30/20 | Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.  |

**Forfall må meldast:**

Hardangerrådet v/Trude Lægreid Rinaldo

tlf 53 67 14 50 /489 54 550

mail: [trude@hardangerraadet.no](mailto:trude@hardangerraadet.no)

**Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

Kinsarvik 29.10.2020

Hardanger og Voss Ungdomsråd

Trude Lægreid Rinaldo

Konsulent Hardangerrådet/Sekretær Hardanger og Voss Ungdomsråd

Saksutgreiing:

**HU-sak 22/20      Saker melde inn ved møtestart**

**HU-sak 23/20      Diverse saker i HU:**

- Tilbakemelding frå det digitale føredraget til Helsesista
- Status spørjeundersøkelse

**HU-sak 24/20      Møteplan Hardanger Ungdomsråd 2021**

Forslag til vedtak:  
Møteplan 2021

Hardanger Ungdomsråd <b>2021</b>	Mandag 11. januar  kl 1330 Granvin	Mandag 08. februar  kl 1400 Granvin	Mandag 08. mars  Kvam Hardanger Ungdomsting	Mandag 19. april  kl 1400 Granvin	M A I J U N L A U G	SEPTEMBER  TemaDAG: "digitalt føredrag til alle skulane?"	O K T O B E R	Mandag 01. november  kl 1400 Granvin	Mandag 06. desember  kl 1400 Granvin
--	---	--	---	--	--	---	---------------------------------	---	---

**HU-sak 25/20      Bortebuarstipend**

For nokre elevar i Hardanger har eit regelverk og informasjon hjå sakshandsamar ført til feil vedtak og ramma nokre elevar hardt og urettferdig.

Kva kan me gjera for at slikt ikkje skjer?

**HU-sak 26/20      Kva røyst har ungdomen fått etter ny kommunelov?**

[Ungdommens distriktspanel](#) skal gje råd til til regjeringen våren 2021 om framtidas distriktpolitikk. Kva tenkjer HU om framtida i distriktet vårt? [Regjeringen vil ha 10 råd](#)

På [plankonferansen](#) 27.10.2020 fekk også ungdom sei sitt, men gav i paneldebatten uttrykk for at dei vil vera med i utforming av arbeid, ikkje berre få eit stort dokument i fanget og uttala seg når arbeidet er ferdig.

Representantar i panelet gav dei medhald i dette og vil endra praksis.

Korleis får de ta del i planarbeid i Hardanger?

I [Utviklingsplanen](#) for Vestland 2020-2024 seier dei dette om ungdom:

Særutskrift frå planen:

**"10. Ungdom – trivsel og tilhøyre**

*Det er ei utfordring for regionen at unge i stor grad flyttar frå heimplassen utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Fråfall i idretten er aukande, og unge har låg valdeltaking. Det er behov for å styrke den lokale tilhøyra til ungdom, for å auke trivsel og vilje til å satse i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur, og tilgang til utdanning og bustad, er viktig. "*

Har de som ungdomsråd i kommunar i Vestland vore involvert i arbeid med denne planen?

**HU-sak 27/20****Hardanger og Voss Ungdomsråd etter 2020**

Kvam ungdomsråd ønskjer å få med følgjande sak på saklista:

**Hardanger & Voss Ungdomsråd (HU) etter 2020****Innleiing til saka:**

Som ein kanskje har fått med seg så har Voss Herad meld seg ut av Hardangerrådet IKS. Dette vil og få konsekvensar for HU. Difor meiner eg at me i Kvam må vera tydelege på kva me ynskjer vidare. Slik det er pr. no så vert alle møter i HU haldne i Voss Herad.

**Alternativ 1:**

HU fortsett å vera ope berre for medlemskommunane i Hardangerrådet IKS. Då vert Kvam, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang samansetninga.

**Alternativ 2:**

HU held fram med den rolla dei har i dag men med Voss som fast observatør. Då kan Voss komma med innspel og delta i ordskifta i møta, men har ikkje stemmerett eller noko som helst anna form for godar frå Hardangerrådet.

**Alternativ 3:**

HU endrar heilt organisasjonsform og lausriv seg meir frå Hardangerrådet IKS. Einaste ein deler med Hardangerrådet er sekretariatet. Med ei slik løysing kan Voss halda fram som medlem men må då betala ei fast årleg avgift som går til administrative kostnadene. Med ei slik form kan og andre relevante samarbeidskommunar vera medlem (t.d. Samnanger og Vaksdal).

**Handsaming i møtet til Kvam ungdomsråd:****Framlegg frå Sander Eide Aase :**

Kvam ungdomsråd vedtar følgjande:

1. **alternativ 3.** HU endrar heilt organisasjonsform og lausriv seg meir frå Hardangerrådet IKS. Einaste ein deler med Hardangerrådet er sekretariatet. Med ei slik løysing kan Voss halda fram som medlem men må då betala ei fast årleg avgift som går til administrative kostnadene. Med ei slik form kan og andre relevante samarbeidskommunar vera medlem (t.d. Samnanger og Vaksdal).
2. Kvam ungdomsråd ber om å få dette opp som sak i neste møte i Hardanger ungdomsråd.

**Røysting:**

Sander Eide Aase sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 9 røyster

**Vedtak:**

1. HU endrar heilt organisasjonsform og lausriv seg meir frå Hardangerrådet IKS. Einaste ein deler med Hardangerrådet er sekretariatet. Med ei slik løysing kan Voss halda fram som medlem men må då betala ei fast årleg avgift som går til administrative kostnadene. Med ei slik form kan og andre relevante samarbeidskommunar vera medlem (t.d. Samnanger og Vaksdal).
2. Kvam ungdomsråd ber om å få dette opp som sak i neste møte i Hardanger ungdomsråd.

**HU-sak 28/20****Situasjonen på skulebussane for dei som pendlar er at det er umogleg å halda avstand.**

Kva kan me gjera?

**HU-sak 29/20****Idemuldring - kva skal HU gjera i 2020/2021****HU-sak 30/20****Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

## Særutskrift frå nyheitsinnlegg i Vestland fylkeskommune:

### **Vil ha betre busstilbod**

Susanne Sørli Slettebakken, frå Alver kommune, er leiar Vestland ungdomsutval. Ho fortalte kva ungdommen ønskjer seg og kva dei er nøgde med.

– Vi vil ha betre busstilbod utanfor Bergen, vi vil ha meir variasjon i tilbod på fritida og at det blir lettare for unge å kome inn i arbeidslivet. Vi opplever og stort press på å prestere på skulen, gjere det bra i idrett og sjå bra ut. Mange av oss har og ein følelse av å ikkje bli tatt seriøst, sa Slettebakken.



– Vi opplever stort press på å prestere på skulen, gjere det bra i idrett og sjå bra ut, sa Susanne Sørli Slettebakken som er leiar i Vestland ungdomsutval.

### **Noko av det beste vi har**

Men alt er ikkje negativt. - Det er positivt med miljøkoordinatorar på skulane. Elev- og lærlingombodet og mobbeombodet er eit forbilde, og helsestasjonen er kanskje noko av det beste vi har i Vestland. Og så er det fullt mogeleg for ungdommar å engasjere seg, sa leiar av Vestland ungdomsutval, Susanne Sørli Slettebakken.



– Elev- og lærlingombodet og mobbeombodet er eit forbilde, og helsestasjonen er kanskje noko av det beste vi har i Vestland, sa leiar av Vestland ungdomsutval, Susanne Sørli Slettebakken. – Vi må lytte til ungdommen for at dei skal bli buande og trivast, sa Hans Christian Knudsen i det regjeringsoppnemnde ungdommens distriktspanel.

### **Skal råde regjeringa**

Hans Christian Knudsen frå Balestrand er ein av 10 unge som er oppnemnd av regjeringa til ungdommens distriktspanel.

– Vi har reist rundt i kommunane for å kartlege problem. Kvifor flytter ungdom frå utkantane? Kva skal til for at ungdommen blir buande i lokalsamfunnet? Ein forskingsrapport viser at ungdom i distriktet er mindre nøgde med lokalmiljøet enn i byane. Dei manglar møteplassar, dei er misnøgde med skulehelsetenesta, dei får ikkje jobb. Dei vel å flytte til andre stader. Utfordringane er forskjellige i dei ulike lokalsamfunna, men dei må iverksette tiltak. Vi skal legge fram råd for regjeringa til våren. Vi må lytte til ungdommen for at dei skal bli buande og trivast, sa Hans Christian Knudsen.